



Gunnar Stusdal Maskin

Gamlesetera
5994 VIKANES

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/617 - 6488/2009	Larissa Dahl - 56 37 56 37	217/56	24.03.2009

Delegert sak

Løyve til tiltak - gbnr 217/56 - Veg Romarheim

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 20.03.09 og vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- Samtykke

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld etablering av veg på Romarheim i område avsett til bustadføremål i samsvar med kommuneplan for Lindås kommune av 20.03.03.

Nabomerknad.

Det ligg ikkje føre merknad frå naboar.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltakskl.1.	11.400,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-
SUM	13.800,-

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Veg skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 20.03.09. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Bankkonto:
Kvernhusmyrane 20	Kvernhusmyrane 41	56 37 50 00	6501.06.91790
5914 Isdalstø	Rådhuset, Knarvik	Telefaks:	Organisasjonsnr:
		56 37 50 01	935 084 733
E-post: postmottak@lindas.kommune.no		Heimeside: www.lindas.kommune.no	Kart: www.nordhordlandskart.no

grunnmur/ringmur vert sett i gang, og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande. Det skal også sendast inn tilsvarande dokumentasjon på ferdig tiltaket (PBL § 70 nr. 1).

- Arbeid kan ikkje vert sett i gang før det vert lagt fram følgjande dokument til godkjenning:
 - kontrollerklæring frå KPR for etablering av veg frå Gunnar Stusdal Maskin.
- Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før punkt 2* i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK		Gunnar Stusdal Maskin
PRO/KPR	Prosjektering av veg	Gunnar Stusdal Maskin
UTF/KUT	Utstikking/plassering	Lindås kommune Geodata
UTF/KUT	Utføring av veg	Gunnar Stusdal Maskin

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

- VVA, teknisk drift, her.

Med helsing
Tor Hegle(S)
fagleiar byggesak

Larissa Dahl
avdelingsingeniør

Vedlegg:
Skjema for kontrollerklæring for PRO

Kopi til:
Norvald Rydland Romarheim 5994 Vikanes

